TIDSSKRIFT FOR

Teologi og Kirke

REDIGERT AV
OLAF MOE / ANDR. SEIERSTAD / JOHANNES SMEMO

27. BIND

OSLO 1956
I KOMMISJON HOS LUTHERSTIFTELSENS BOKHANDEL

Copyright by
Tidsskrift for Teologi og Kirke
Oslo 1956

Printed in Norway

A.s Indremisjonstrykkeriet, Oslo

INNHOLD

Side

Nils Eide: Claritas scripturae i De servo arbitrio 1
Bjarne Skard: Etterkonsekrasjonen nok en gang 11
Magne Sæbø: Til forståelse av QOHÆLÆTH ..... 20 og 38
Mauritz Brøndal: Emil Brunners forsoningslære 35
Ingmar Bogren: Den svenska husförhörsinstitutionen 50
Gottfried Hornig: Werner Elerts teologiske livsverk 65
Carl Fr. Wisløff: Replikk om etterkonsekrasjonen 85
Ivar Welle: Claus Frimann og hans biograf 105
Sverre Aalen, Erling Danbolt og Carl Fr. Wisløff: Litteratur 111
Martti Simojoki: Grunnlinjer i den finske pietismes sjelesorg .. 117
O. G. Myklebust: Om presbyterianismen som konfesjonstype 128
Erling Haaland: Carl Gustav von Bülows opphold og virke i Norge 1826—1828 146
Olaf Moe: Kirkelig enhet og kirkelig fornyelse 161
Nils Bloch-Hoell: Smiths Venner 165
Halkild Nilsen: Frederik Arentz som biskop over Bergens stift .. 178
Olaf Moe: Trobekjennelsen og gudstjenesten 194
Olaf Moe, Andr. Seierstad og Jordt Jørgensen: Litteratur 199



Digitized by the Internet Archive
in 2025

https://archive.org/details/tidsskrift-for-teologi-og-kirke_1956_27

aldrar kunne embetsmennene ikkje tilråda anna enn straff. Dette gjeld ikkje minst dei høgaste i sentral-administrasjonen, generalauditøren og riksstyret, når sakene kom så langt som til dei. Vart det søkt om nåde hjå kongen, som eit par mann gjorde i 1869, kunne riksrådane, inklusive kyrkjeriksråden, ikkje tilråda ettergjeving av straffa. Det einaste tenkjelege alternativ til fengselsstraff eg har sett nemt i slike saker, kom frå ein offiser som heldt fram at ein nektande kvekar burde etter søknad kunna bli løyst frå alt hopehav med den norske stat ved å vandra ut til eit anna land. Consilium abeundi var såleis ennå den einaste tenkjelege form for toleranse.

Når det gjeld dei dissentarspørsmål som her er nemnde, har forfattaren ikkje gjort fullnad for seg. Når det gjeld tiendespørsmålet gjev boka (s. 38 og 80) referat av to klageskriv som kvekarane sende styremaktene, der dei peikar på harde utpantingar dei har vore utsette for. Men så vidt eg kan sjå har forfattaren ikkje gjort noko til å verifisera desse alarmerande klagene gjennom stikkprøver i offentlege arkiv, og heller ikkje ser det ut til at han under gjennomgåinga av dei ymse utkast til dissentarlovgjeving har teke dette spørsmålet ålvorleg. Tienden er nemnd her og der ut igjennom arbeidet, men vi får lita eller inga hjelp til vurdering av realmomenta i konflikten. Problemet ligg utan tvil i dette at lovmakarane ikkje kan eller ikkje vil forstå klagarane. Dei som arbeidde for ei betre dissentarlov tek spørsmålet om dissentarars tiendebetaling som om det berre var eit praktisk-økonomisk spørsmål, eit spørsmål om rimelege eller urimelege skattepålegg. Difor kan sume tenkja seg å få konflikten løyst ved at dissentarar i visse tilfelle får kommuneskatten sin sterkare redusert enn den den gamle dissentarlova gjev høve til, men tienden må i alle høve betalast. For dei fleste som steller med saka er det argument nok at tiende er ei avgift som kviler på garden, den kan og må ikkje falla bort. Men for kvekarane er det ikkje spørsmål om nokre skillingar og dalarar meir eller mindre i skatt, det er spørsmålet om eins samvit kan vera med på å gjeva ut tiendeavgift til oppehald av ein religion som dei meiner er falsk. Mang ein kvekar ofra heller det vesle han åtte enn gjekk på akkord med sitt samvit her. Fordi forfattaren berre refererar den flisespikking lovbøtarane driv i staden for å taka føre seg det verkelege problemet og konstatera at dei gjekk utanom oppgåva dei skulle greia, difor vert fasiten av det samfunnet nådde fram til i 1891 gledelegare etter denne framstilling enn han i røynda er.

Når det så gjeld militærnektar-spørsmålet, så er det heilt ignorert.

Det kunne jamvel sjå ut som om det ikkje eksisterte noko slikt problem, etter som forfattaren s. 228 nemner eit tilfelle før den første dissentarlova kom då to kvekarar i marinen nekta gjera truskapseiden til kongen. Det ser ut som dei ikkje nekta gjera militærtenest. Når dei mange militærnektarsakene er oversett, heng det truleg for ein del saman med kjelde-bruket. Som rimeleg kan vera har Rygnestad serleg gjort bruk av arkiv-materiale frå Justis-departementet og frå Kyrkjedepartementet. Men han har ikkje utnytta kjeldetilfanget frå Armé- og Marinedepartementet, Forsvarsdepartementet.

Ein kan ikkje resonnera som så at når eit dissentarspørsmål ikkje vart handsama i lovgjevinga i den tidbolken det gjeld, så fell det utanom oppgåva å ta det med i eit arbeid som dette. Om det ikkje var framme i lovdryftingane, så var det militære spørsmålet framme atter og atter i administrativ praksis. Problemet var brennande heile tida. I lovgjevinga kunne det naturleg ha vorte dryft med tilføre av vernepliktslova av 16. august 1864, der mange kategoriar av våpenføre menn vart fritekne for verneplikt, jamvel heile landsluter som Nordland og Finnmark. Sogeskrivaren er ikkje friteken for å dryfta eit problem som er oppe i tida, fordi om det vert liggjande uløyst. Det er viktigt å konstatera at det vart ignorert i lovgjevingsarbeidet, og at administrativ praksis dreiv samvitstvang.

Heller ikkje kan forfattaren orsaka seg med at det ikkje var rom nok til å få med dei spesifike kvekarproblem. Her gjeld det vurderinga av kva som er viktig og kva som er smått. Etter mi meining kunne referatet av mange detaljar i førehandsdryftingane til lovarbeida utan skade vore utelatne til vinning for oversynskarakteristikkar skrivne med eit vake auga for det som rørde seg i tida både i reformativ og i konservativ lei.

Lektor, dr. Knut Rygnestad har gjeve oss eit standardverk som ikkje er feilfritt, men likevel sers verdfullt. Det er rolegt og saklegt i form. Det er klårt og oversynleg. Med dette verket har ein fått eit nyttigt og lærerikt kompendium i det meste av det som kom fram under det offisielle arbeid for ei betre rettsordning for våre religiøse minoritetar i siste halvdel av 1800-talet.

Olav Bø, Heilag-Olav i norsk folketradisjon. Oslo, Det norske samlaget, 1955. 241 s.

I det doktorgrads-arbeidet som her vert omtala har Olav Bø teke føre seg folketradisjonane i gammal og ny tid. Med eit stort kjeldemateriale syner han oss det store rom St. Olav har i tru og sedvane gjennom alle hundreår alt frå 1000-talet. Hovudvekta er lagt på

tradisjonar som er kjende frå dei seinaste hundreåra. Forfattaren har ikkje berre granska prenta litterære kjelder, men òg mykje uprenta folkloristisk tilfang i offentlege samlingar. Dessutan har han sjølv sanka inn munnleg tradisjon på den måten at han har sendt ut spørjelister til kunnige folk i bygdene og fått svar frå dei.

Sidan Ludvig Daae i 1879 gav ut det epokegjerande verket «Norges Helgener», har interessa for St. Olav-tradisjonen vore veksande. Men først med Bøs store monografi har vi fått eit standardverk som gjev oversyn over det meste av det historiske og folkloristiske tilfanget.

Bøs arbeid er først og fremst deskriptivt, men detaljane er systematisk ordna, og innanfor kvar hovudbolk er det teke kronologiske omsyn, slik at sjølve oppbygginga av verket openberrar eit visst grunnsyn. Olav Bøs grunnsyn kjem dessutan fram i ord som desse: «Segnene om Heilag-Olav voks fram med eksplosiv fart etter Stiklestad-slaget, men i dei 900 åra som har gått sidan, har mangt hendt som har endra utviklingsgangen frå den fyrste tida. I 500 år stødde kyrkja opp under segnlaginga, ja ho var sjølv med ved å samle forteljingane om dei mange underfulle gjerningane til kongen og ved å spreie dei att som legender. Sidan skifte kyrkja syn hjå oss. Olav vart kristningskonge, men ikkje heilagmenne. Alt som kunne minne om det, var lenge bannlyst. — No er det så at legendene er eitt, den folkelege tradisjonen noko anna. Men det vil alltid vera ein viss skifteverknad mellom dei to — dei gjev tilstøringar til og låner forklåringar av kvarandre — om dei i all hovudsak lever sitt eige liv. Då kyrkja ikkje brydde seg om å minnast Olav, då mintest folket han. Om legende-Olav kom bort, levde folkesegn-Olav vidare. Reformasjonen har ikkje ført til at ei grein av segnene er gløymd, men ofte har den legendariske beingrinda fått folkeleg kjøt og blod, og er dermed blitt meir motstandsfør.» (S. 9 f.) Seinare kjem han inn på det same: «Frå reformasjonstida av må tradisjonen smått om senn slå inn på nye vegar. Vi kan godt kalle det eit hamskifte, ei transformering. Kyrkja ville ikkje høyre noko om det gamle, og statsmaktene hyste ikkje nokon godhug for Olavs minne, for dei var til fulle klåre over at det låg ein kime til motstand i Olavsvyrdinga. Difor måtte Olavs-tradisjonen gå gjennom ein reinsingsprosess som dels verka oppløysande, dels reinsande og styrkjande. Den tradisjonen som var religiøst farga og som på ein eller annen måte hekk saman med den gamle kyrkjelæra gjekk sin seine, men sikre undergang i møte. Med dette er ikkje meint at han kvarv or folketradisjonen for godt, men han fekk ikkje noko å seie lenger og kunne ikkje gje folk noko. Men korkje kyrkjemakt eller stats-

makt kunne for ålvor tyne minnet om Olav som fremjar av velstand, samfunnsbygging og sjølvhevdingstanke. Denne tradisjonen var livsviktig for folket. Gløymde dei han, gav dei samstundes opp ein viktig posisjon for deira strid mot embetsmenn og framandvelde. Difor vart denne tradisjonen ikkje berre hugsa, men han gjekk også inn i deira medvit, vart ein del av folket sjølv.» (S. 200.)

Eg trur Olav Bøs syn på desse ting stort sett må vera det rette. Det einaste eg ikkje har så lett for å sjå er at den kyrkjelege tradisjonen gjekk så pass i hop med folkesegnene som Bø synest meina, og at denne religiøse legende-tradisjonen etter reformasjonen ikkje kvarv or folketradisjonen eller gjekk til grunne, men at heile tradisjonen gjekk igjennom ei transformering. Men meiningsskilnaden er kan hende ikkje så stor, etter som forfattaren gjev ord for at den tradisjonen som hekk i hop med kyrkjelæra ikkje lenger fekk noko å seia for folket.

Olav Bøs metode skil seg ikkje mykje ut frå den som alt Ludvig Daae gjorde bruk av. Og den er visseleg vitskapleg sett forsvarleg. Men når standardverket om Heilag-Olav-tradisjonen skulle skrivast, skulle eg mykje ha ynskt at grunnlaget for framstillinga hadde vore ei registrering, analysering og gruppering av dei mange hundre legende- og segn-motiv som til saman utgjer den klassiske Olavstradisjon. Dette arbeid vart påbyrja av Oluf Kolsrud og vart lagt stort opp, ikkje minst under reiser i østersjølanda. Men han rokk ikkje publisera det han hadde i emning. Eit systematisk og omfatande motiv-studium ville kunne synt klårare kva som var heimevakse i Olavs-tradisjonen og kva som var internasjonalt vandregods. Og vidare kva som var teologiske produkt og kva som var folklore. Ein gong må eit slikt arbeid koma. Og dr. Olav Bø skulle vera mannen for det. *Andr. Seierstad.*

E. Thestrup Pedersen: «*Eksistentialisme og kristendom.*» (Nyt Nordisk Forlag.)

Titelen bør ikke afskrække nogen fra at læse bogen! Her er virkelig en teolog, der kan skrive, så også lægfolk kan forstå.

Til oplysning om indholdet skal endvidere siges, at, dersom man i Norge ønsker at følge med i den teologiske debat i Danmark, må man ikke gå uden om Thestrup Pedersen. Han sidder i et lille sognekald på Fyn, men udmærker sig ved en storartet belæsthed på dogmatikkens område og specialiserer sig i Luther.

Den moderne eksistensfilosofi har både direkte og indirekte øvet megen indflydelse på dansk teologi. En bog, der handler om eksistentialisme, er derfor helt berettiget.

Forfatteren begynder som naturligt er med en omtale af Søren Kierkegaards eksistentialisme og stiller den i relation til den moderne filosofi. Forskellen beror på — hedder det — at «Kierkegaards eksistentialisme er centralt bestemt af hans kristne tro», mens den moderne filosofi er sækulariseret.

I det næste afsnit kommer forfatteren ind på afmytologiseringen. Når nutidens teologer griber efter en modeteologi som eksistentialismen, hænger det sammen med forkyndelsens vanskeligheder. Evangeliet skal forkyndes i et sprog, som bliver forstået, renset for gamle mytologiske forestillinger, og som møder nutidens menneske. Hertil kan afmytologiseringen og eksistentialismen hjælpe. Eksistentialismen fordi den «vedkender sig mennesket i dets dybe nød og rådvildhed».

I sin vurdering af den danske modeteologi nævner forfatteren — som rimeligt er — flere gange Lindhardt. «De teologer og præster, der i eksistentialismen mener at have fundet nøglen til en tidsnær fortolkning af Ny Testamente, står i en betydelig fare for at læse Ny Testamente med deres egne, tidens og tidens filosofis briller ... Lindhardts fortolkning af Ny Testamente er forrygende vilkårlig og åbenbart anlagt på effekt.»

Det springende punkt i forholdet mellem eksistentialismen og kristendommen er, siger forfatteren, den anden trosartikel: «Er trosbekendelsen, navnlig den anden artikel, i virkeligheden ikke alt for stærkt bundet til det gamle verdensbillede, som vi ikke har mere?» Forfatteren svarer herpå: «Lige så sandt det gælder, at forkyndelsen ... er med til at afværge en forstening af den oprindelige bekendelse, lige så fuldt gælder, at den apostoliske trosbekendelse hele tiden står med sit spørgsmål til kirkens forkyndelse: er den sand?»

Hermed er vi nået til side 66 i bogen. De resterende 110 sider fortæller om den unge tyske teolog, Dietrich Bonhoeffers liv og tanker. Han døde i en tysk koncentrasjonslejr 1945. Forfatteren kalder ham «en eksisterende» tænker, og når forfatteren har medtaget dette store kapitel i sin bog, er det for at gøre de første kapitler konkrete.

Danmarks Kirker, udgivet af Nationalmuseet.

Af dette statelige værk er nu kommet på *C. E. C. Gads Forlag* hefte 5—8 af Haderslev amt, hefte 14 af Maribo amt, hefte 3 af Bornholm samt navneregister til Præstø amt. Hvor skal man begynde og hvor skal man ende med en anmeldelse af et så prægtigt værk, der jo faktisk er *en gave* til køberen, fordi det udgives med

støtte af flere store fonder og derfor kan sælges billigt? Vi blader i heftet om Bornholm, som bl. a. indeholder skildringer af to af øens berømte rundkirker, nemlig Nykirke og Nylars Kirke. Den udførlige tekst støttes af det fornemme billedmateriale.

En dansk præste og sognehistorie, af Paul Nedergaard.

Sognepræst Nedergaards «kirkelige geografi» har nu afsluttet Fyns Stift, der kom til at omfatte ni hefter, og er dermed i alt nået op på 28 hefter. Værket vrimler med morsomme og værdifulde enkeltheder: om det fynske lune, om fynboens mentalitet, om det åndelige liv i sognene gennem det sidste hundrede år, præstebiografier, af hvilke flere aldrig har været offentliggjort før, statistikker af mange slags o.s.v. Det er faktisk sådan, at, når et nyt hefte kommer ind ad postkassen, lægger man helst alt andet til side for at fordybe sig i læsningen af Nedergaards kirkelige geografi!

Dansk Teologisk Tidsskrift, hefte 1 og 2 1956.

I disse hefter finder man bl. a. Sløks anmeldelse af de to nye danske religionsfilosofier af Søren Holm og N. H. Søe, en længere afhandling om det diokletianske tetrarkis religionspolitik af Helge Petersen, sognepræst Johs. Pedersen skriver om djævleforsagelsen ved dåben o. m. a. *Jordt Jørgensen.*